

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Økesendal

Emne: Transport av høg

Bygdelag:

Oppskr. av: J. Brandstad

Gard:

(adresse): Økesendal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Iva tid dei byrja køyra høg med vogn her i bygda kan eg ikkje så akkurat bestemt segja. J. O. F. Farssets, "Økesendal i eldre tid", står det, at vegen opover bygda her vart oparbeid kring 1830. Før den tid var det berre ridenev, som kunde køyrast med slide. Ole E. Brandstad var født 1831. Han var kårsmann her på garden da eg kom hit i 1900. Han talte ofte om mannen på nabo-garden Eunder Brandstad, som var den fyrste, som hadde skysvagn her i bygda, og den hadde han arbeid sjølv. Ole Brandstad talte og om høgkjøring med slide. Enkelte skulde ha slide med hjul, som var festa nokre langt bak. Når hesten drog lyftast sleden framme, men gik det etter skura meiane nedpå at og bremsa. For slide utan hjul bruka dei oftast "drette". Eit drett er 2 hestar med "skjekkel" (eit skjekkel) Det er slikt drag som blir bruka når ein pløyer. Eit skjekkel er hapsset av 4 skjuklar, (ein skjukkel) 2 "hamla", (ei hamel) og ei krakmar. Iva, skjuklar blir festa i kvar sin ende av ei "hamel" og hamlane at i kvar sin ende av "krakmara". Mitt på "krakmara" er det ein krak, som vert krækt i det som skal dragast. Under meiane var det ikkje jarnskaning. Ola talte om, at når dei skulde på Øsa med hilsjæn, bruka dei alltid "drette" og da sleit dei ut eit drag under meiane. Det var 13 km. veg. Eit drag var som sin

2
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
søle, dei sa under meiane og festa med krenaglat, når dei
vart far kunnslitne.

I På husmansplassane bruka dei drag arvagn. Den er
mindre og lettare enn ei valeig langvagn. Ællest fekk dei
sane hest og vagn av næraste nabaen. Utmarkslåtten kan
ein vel segja er heilt slutt no. Det er berre, seferbrøe", som
blir slegne no. (ei seferbrø) Seferbrøene blir oftast slegne etter
at høytanna heime er ferdig. På setra bruka dei slide til
å køyra høyet i hus med. Er det bratt nyttar dei huskar
til å dra på. Heilt til omkring 1910 var det samme, som
av og til sta i utmarkslåtten. Det var helst øvst i bygda,
og dei som hadde lite slått sveime. No er det slutt; men
det er mange, som sler mykje småfar på innmarka
heime. Mange stader er småfarslåtten utlakt til ham-
nehagar eller oparbeid til kulturheite.

II Vanlegt vølkøy og langhøy blir no helst hesja. Det blir
da køyrt til hesjene med sleprive. Småfaret sakar ein
saman i, reker" (ei høyråk) der det er slege. I høyet snur
vi det med riva og sett det i sata om kuelden (ei sät
denne sata flua sata og satan) Når det blir høytørkt at
lessar vi, satan" appi ei, høykarg, (ei høykarg) køyrr dei fram
på ein vall, som er ledig og kastar dei ut over der. Oftast
blir det furt med ein godversdag, men er det dårlegt høyt
ver, må ein setta det i, sata" at. For å få eit skipkelegt
fårhøylass, må ein køyra fram 2 lass med, sata".

I utmarkslåtten var det til å heru eller dra ettersam
det skulde mot eller unna bakke. Til å dra på bru-
ka dei, slabuskar (ei slabusk) I digerenden av huskane
skulde det helst vera ein sterk kvist. Det var far å få
betre sak med nevanne til å dra etter. Surhøy kunde
dei draga på lassvis^{av} på slabuska. Skuma på eller
stodde på slavn var og brukelegt.

Til å heru med bruka ein, bindil" (ein bindil) Den var
gjardt av ang grannvosa bjørk. Bindilen var betre å heru
xkx med til digrar den var. Den vart laga på flere
måte

Empen vart kvistane bundne saman til ei lykje og digerenden ferd gjennom den, eller skulde bindilen vera rickfig lang, vart den, sköyt "med ei, ve." (ei ve flere veia) (Veia var lange, granne renninga av björk. Kvistene vart skarne og barken avskrapa. Fröddi^{va} med vinstorfoten på digerenden. Byrja så å grannenden og vaff "ho heilt ned. (Å vilt veia, snare eller kvinne) Idigerenden laga ein ei lykje. Den kallar vi, "veiaharkja". Testa så med ein "veiaknute" grannenden på, "vea" saman med kvistane på, bindilen. "Digerenden på, bindilen" kallar vi, "svolk," (ein bindilsvalk) Farat häyet skulde sitja berre i bära, bruka dei ei rive i og laga häykjummor. Dette la dei i bindilen. Den sine oppå den andre, til dei sykte det var star nok bär. Både bindilen rundt og ferdde "svolken" gjennom "harkja" og drog åt det ein kunde. Var det star bär måtte ein hjelpe til. Han stod da bak og lyta bära opp på ryggen til den, som skulde bera. Det var på, "aksla" (skuldra) dei bar. Kunde og henda at svolken vart teken over hovudet. Bära vart da lyfta heilt opp på aksla til han, som bar. Dei, som var vant, bar store stährhäykjemma på den sine aksla berre med, at dei sködde kjemma med riva. Häyet vart kjemma godt og fast og med eit lite kast slengte dei kjemma opp på aksla. Både med häying og seking var det karane, som far fyrst og tok det gravaste. Kvinnfolk og barn kom etter og utbraka. Dei hjelpte og til med å skruva på, når karane drog slae. Meis har eg ikkje häyst, det har vere bruka her. Heller ikkje läppstung til häytransport. Trillebär har heller ikkje vere mykje bruka.

III Er stället langt frå garen, blir häyet berga inn i löa, som er bygd til dette. Häykjeringa blir da på vinterfärd. Likens frå sekrere

IV Häykjeringa om samaren er med langvagn med grindar på. Vogna har sua hjul. Grindane er amlag 1 m hög og ca. 2,30 m lang og arbeid av bjärkespitar 4-5 cm brei

4
og 1 cm fjukk. Spilane er tappa inn i ei ramme av bjark
ca 4-5 cm firkant i firkant. Eit sett slike grindar festa
på vagna kallar vi ei hækarg, (ei haykarg) Grindane far
seg sjölv kallar vi, siækarggrinnan. Grindane far kvæn-
den kallar vi, opstandara (ein opstandar) Hækargja kan
taka frå 150-200 kg fært hæk. Sidegrindane er tilardna
med krokas, slik at dei snøtt kan takast frá, så hæk-
et kan sultast av vagna, når lasset er kært inn på
låven. Hækarglass blir ikkje gjöra utan det er lang veg
og står hau vert lakt oppa lasset. Er det karnkæyring,
blir sidegrindane tekne frá, og karnstaurane lakt
på vagna frå kvar side med aksloten innover mot
einannan. Aksloten er aksa på karnbanda. På eit
karnlass skal det vera 20 staura med 8 bann på
kvar staur. Det blir 160 bann på lasset. Hærlasset
blir gjöra med reip på langst etter vagna. Mange
brukar og lang festa til reipet. Dei siste åra har mange
slutta med å binda karnet i bann og tra det på staur;
men trerjar det laurt. Dei trar funne, at det brukar fortare
I dette hærl brukar dei ei vanleg hækarg, når karnet
skal kært i hus. Skal prøve nemne litt om hækjæ-
ring med slede og. Sleden er amlag 2,30 m lang. Breidda
oppa sleden ca 80 cm. Milom meiane er det optil 70 cm
Sleden er bygd slik, 2 meiar, (ein me) 3 flesstokke
ein flesstokk. Flesstokkane er stertre på sleden. I kvar
ende av flesstokken er det oppitappa eit lite prestykje
1 dm langt. Dette står ned på meien og vi kallar det
(eit fjittre) Av desse er det 6 stykke. På kvar side
av fjittrea er det, eit stallbann. Av dei er det 12.
Dei blir drivne gjennom, stallbannremma, sam-
lig fremst på enden av flesstokkane og heilt igjen-
nam meiane. Der blir dei, ætta. Det vil segja, driva
inn i enden ein lifer blegg så enden vidder seg ut, og
da skal det mykje til for å dra det opp at. Det er
stalbanna, som heldt sleden sammen. Remmane
(ei rem) er dei spilane, som ligg langst etter sleden.

5
 Bru dei er det 4 stykke 7-8 cm brei og 2 cm djukt.
 Attast på sleden vert det felt inn på remmane eit tunkte
 5x5 cm djukt. Det er sleabrögda (ei sleabrögda) framenden
 er det hal gjennom amiane. Gjennom der sett vi ein
 jarnpin innpåsmetta runde prestykje midan kvar
 rem. Desse runde prestykja kallar vi, stöp (eit sleastöp)
 Jarnpinen med, stöpa" kallar vi, vinen (eit vinen)
 På langria blir det på flossfokendane innfeldt eit
 prestykje 3 cm djukt. Det er, amiane (ein amie)
 Når vi lesser stög på sleden, blir hakenden på den set
 inn mot lèveggen. For framenden reiser vi stjøkene
 rett opp. Både framme og bak på bår sjar stikk vi
 enden av ein liten skjopp inn under den andre remma.
 Skjoppene ligg da oppå den ystetremma og moka utam sleden
 På desse skjoppene legg vi buskar. Det er utleggjarbuskar
 for å få lasset breiare. Så blir repa tred under oppå amiane.
 Eit rep framme og eit bak. (eit rep, repa)
 Ellert brukar vi eit rep midt på og. Det kallar vi
 mejaringsrep. Det vil segja tyjperep. Dette repet
 blir tred med, hegda" (ei rephegda) motsat dei
 tva sine. Repa er laga av okschuder, som håra er
 tekne bort frå. Huda vert skara i hånleige breie
 skrimlar og svinna saman til ein fårleik som ein
 sameltot. Den eine enden av repet blir festa til
 "hegda", og den er tilhæggd av ang hegg til ei val
 lykje. Den andre enden av repet kallar vi, smatet"
 (eit repsmat) etter at repa er tred under, lesser dei las-
 set. Ein er oppå og trappas, og ein kastar hånget opp
 på, til dei tykjer lasset er stort nok. Så blir, lönan"
 bakt på. Det skal vera i alt 7, lönä" på eit hånlas.
 (Ei lönä flera lönä og lönän) Lönän er buskar vi legg på
 for at hånget skal hanga betre med. Na skal lasset gjø-
 rast. Den eine karen tek na frumste repet og den andre
 mejaringsrepe. Håran er na på kvar si side av lasset.
 Dei ber na repsmatet gjennom hegda og stöger til lit, so
 lönän kann ordnast på rett plass. Deretter går dei

6
opp på lasset frå kvar si side. Tek repet rundt seg lit nedanfor shaftene slik at dei vert likesam sitjande i det. Spenner så færene mot lasset og går ned abover med dei samskundes med heile byngda av krappen rykjer i repet. Heilt på jara kamme med bakenden, säger dei reye noka inn går opp at på lasset og fartset på same viset til lasset er godt nok, 'jåra'. Etter gamalt skulde dei på denne måten heilt på jara 3 gonger. Han, som har megjæringsrepe, sit no i det og heldt til den andre får teke kast på rephugdhonna, så det ikkje lausnar at Deretter gjåra dei det attaste repet på same viset. Rephugda skal no vera mitt oppu på lasset. Du rykkjer no lasset litt fram. Pussar av hây sam heng laust, legg ein liten hâytop oppu på lasset både fram og bak. Desse toppane kalla vi, 'skreptoppa' (ein skreptopp) Oppu skreptoppun og for buendane legg ein små kvistar Tek så repmålet frå høgda oppu på lasset over skreptoppane og ned i, 'virket' framme og i, 'slatrågdå' bak og säger til det ein kann. Så er lasset ferdigt til å kâyrast. Eit hâylass skal vera både lit hâyare og breiar bak enn framme og det kan vera omlag dobbelt så stort som eit hâyborglass. Noka sers brukvis med siste lasset har eg ikkje hâyrt om.

¶ Eg har hâyrt om, at dei, 'sla te lötan' (sla på loft) Han som slo skulde ha det halve eller så stor del, som dei vart farlike om. Frå stålar og utmarkslättar var det alltid om vinteren kâyring og draging vart gjardt Dei som hadde hây abne einannan hjelptest alltid Bytkearleid var og mykje bruka. Det var helst etter jul at hâyet vart kâyrt og drege heim. Du måtte passa på når ver og fære var laglegt til slift arbeid. Helst måtte det vera heilt stilt, for ellert nytta det ikkje lessa karkje på slide eller slae. Frå utmarkslättane var det krat, så hâyet måtte dragast på slae. Å lessa slae gik' far seg på samne måten sam på slide, men på slae skulde

det vera 11 läna, for her var det tvo under til, skot
hueska. Bak var slabus Kane traplundne med i, ve
Framme var det srogge eit trakk under tovar slabuske
Derfesta ein repet ein skulde draga etter. Starleiken
på slaen måtte vera ettersam lundet og fareforholdet var
til. Det kunde vera lurkimat så mykje høy sam
på eit høykorglass. Ein høystae kunde ein renna av
det var ganske bratt. Den, som rendte, stoda bak slaen,
tak tak i i ~~slabus~~ läne på kor sia og skruva iveg. Ein
kunde da vri slaen til høgre eller visske ettersam det
månde. Ein måtte og passa på, så slaen ikkje fikk sniva
eller rulla. Var det langt føre hadde dei drag ski under
Det var ei brei fjäl med eit lite breitt og eit stol i framenden.
Var det for tungt eller flat bruka dei skikjelke.

VI På Brandskahaaja va det mange så ha utmarksløt
fan sine. Da eg var smågut, fylte eg det var mest som
festdaga, når det va mykje "Hauadragara", så vi så
eller "Jänstakärrara" Jänstak er sekene lenger opp i
dalen. Det var maza, når den eine høystaen etter den andre
kam nedover lia. Ofte ein 10-12 i fylje. Var det godt
føre og dei rundt fart var det spanande og sjå kor dei
gride alle svingar og andre hindringa; men i tungføre
var det og slitsamt for karane; får dei kam så langt,
at dei fikk slaen på skikjelken. Da gikk det alltid
lettare. Eller dei dagane det var "Jänstakärrara". Når det
eine høylasset etter det andre kam med ein sprek fjarin
i skjekene. Det hente og, at det var både "Jänstakärring" og
"Hauadraging" same dag. Enten det var kärring eller draging,
var det ofte slik, at det vart ein lifen stans her på Brandskaha.
Herstane vart hundre i lasset, fekk seg litt lunke vaffer
og sia eta av det godangande fjellhøyet. Karane vart bedne
inn i skua og fekk seg skaffe eller haitgjart onjälk
atåt nishematen sin. Eg fekk ofte smaka av niska

8
og det sykke eg var mykje betre enn nakan annan
mat. Den gode damen av stäyet fylgde med karane
og fylke stulle skua. Var det straks etter jul og
far hadde att dit öl på skaggen, gikk ölballen
rundt Karane kann i godlag. Det vart spurt både
gamalt og nytt. Mange hendingar frå stäykäring
og stäydragning vart fortalt og oppatfriska.
Eg tek me lau til å summa ii:

„Han Nils å han Pe Volla va på stäydragning. Han
Nils va uerfar has Pe. Det va oppa stäya dem va
å dem ha me se skikjelkje se å dra på. Men no
va dem kann frampå Arlekjen. Her va det så bratt
at dem mått renn på herre husko. Sloan vart
velta så kjelko, å kjelkin vart buunnin oppå sloan
in has Nils, fer han skul renn fäst. Han
Nils smar auste; men kar de no va et ii så
greidm ikkje styr. Sloan tok se å rull ørlain
skjekin om Nils far utåver in lifin hamar
Han Pe så sta at oppå Arlekja nåd ikkje se å
sjå kar det gikk å så rap'n: „Kar gikk det
me kjelka far! Om lite här dem det kvest
si no Nils: „Jäsäs, jäsäs ha du tiärt slik task
sjär ette kjelka å ikkje ette manna“
Det va mange små hendinga så vart oppatfriska

NORSK ETNOLOGISK MÅNDSKIFTE

Red. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

126